

## Styremøte SFSG 3.2.18 Quality Sogndal hotell

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås, Thomas Manseth Bjørhovde og Solgun Haugen  
Ikkje tilstades: Jostein Flatland

### Sak 1/18. Arrangement/møter styremedlemma har delteke på sidan forrige styremøte

Jo: Møte geitegruppa 17.1.18

Solgun: Småfesamlinga

Ragnhild: Småfesamlinga

Odd-Jarle: Gjetarhundsamling landsplan 13.1.18, årsmøte Brekke og Kyrkjebø Sau og Geit 31.1.18

Thomas: Uttalegruppa jordbrukstingingane, Småfesamlinga

### Sak 2/18. Nytt frå dei ulike gruppene

Avlsutvalet for sau

- Ikkje noko nytt

Gjetarhundnemnda

- Gjetarhundsamling i Oslo 13.1.18 med representantar frå alle fylka, gjetarhundrådet, styret og tilsette. NM blir i Hordaland i 2018. Det har vore debatt ang brukshund og ikkje.
- Møte gjetarhundnemnda torsdag 8.2.18.
- Sjekk opp ang reglar for bruk av «Team Sogn og Fjordane» sine jakker.
- Kurt Magne Fardal og Knut Alsaker attval som leiarar. Ikkje fått referat frå Sunnfjord og Ytre Sogn gjetarhundlag.

Geitegruppa

- Møte 17.1.18 med planlegging av geitehelga i november, 2-dagar- laurdag til søndag - 24-25.11.2018. Evaluering geitedagen hausten 2017.

### Sak 3/18. Søknad om utnemning av æresmedlemmar i lokallag/fylkeslag

a) Styret i SFSG har motteke søknad frå eit lokallag som ynskjer å utnemna to personar som æresmedlemmar av lokallaget.

Utnemningane er godt grunngeivne.

Styret i SFSG godkjenner utnemninga av æresmedlemmane.

b) Ragnhild hadde fått e-post frå Vik Sau og Geit ang to personar som er utnemnde som æresmedlemmar i 1997, men som finst ikkje i listene til Sau og Geit. Styret har notert seg dette.

Vik Sau og Geit må rapportera til NSG at desse to skal registrerast som æresmedlemmar i lokallaget, og at faktura skal sendast til lokallaget.

c) Odd-Jarle hadde vore i kontakt med Mona hjå NSG ang dei to æresmedlemmane til SFSG ang faktura for desse to. Det viser seg at administrasjonen har gjort endringar rundt medlemskapet til æresmedlemmar i fylkeslag. No kan ein ikkje vera registrert som æresmedlem i Fylkeslaget direkte meir, men anten som direkte medlem NSG eller medlem i lokallag.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Styret i SFSG meiner at det må lagast til ein eigen medlemskategori som er «æresmedlem fylkeslag». Då kan æresmedlem i fylkeslag fortsatt stå som medlem i lokallag, men faktura vert sendt til fylkeslaget. Æresmedlemmar som ikkje er medlem i noko lokallag kan/skal stå som medlem i NSG sentralt som direktemedlem.

#### **Sak 4/18. Innspel til valnemnda i NSG**

Valnemnda i NSG ynskjer ny tilbakemelding frå fylkeslaga. Ved førre runde var det ikkje kjent om styremedlemmane som er på val hadde takka ja til attval eller ikkje.

Styret i SFSG var einige om å berre oppretthalda innspel som allereie er innsendt.

#### **Sak 5/18. Innspel til revisjon av lagslovene**

SFSG har hatt høyringsframlegget på revisjon av NSG sine lagslover ute til lokallaga for å få inn innspel. Det er kome inn svar frå to lokallag.

Utfrå innspel som er kome inn vil styret i SFSG koma innspel om ei lita omformulering av §12 2.setning;

*“.....Eit lokallag må avholde årsmøte og minst eit styremøte i året.....”*

Innspel er sendt på e-post til Administrasjonen v. Lars Erik Wallin innan høyringsfristen.

#### **Sak 6/18. Årsmøte 23.2.18 – praktisk gjennomføring**

Styret gjekk gjennom kven som skulle ha invitasjon til årsmøte og årsmøtemiddag. Det vart sett opp saklista og program for årsmøtedagen.

Program årsmøte fredag 23.2.;

Kl 11	Registrering
Kl 11.30	Opning v. leiar Ragnhild Sæle og styreleiar i NSG Kjell Erik Berntsen
Kl 12	Lunsj
Kl 13-	Årsmøte. Sakliste etter vedtektene
Kl 16	Aktuelle saker v. styreleiar i NSG Kjell Erik Berntsen
Kl 18	Avslutning
Kl 19	Jubileumsmiddag 70 år

Styret gjekk gjennom kva som må ordnast på styremøte kvelden før årsmøte.

Det vart gått gjennom status for moglege annonsørar.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

## **Sak 7/18. «Fagdag» 24.2.18 - program**

Tema for fagdagen vert utanom lokallaget sin time ull. I tillegg til å visa fram korleis lokallaga kan endra styresamansetning på Altinn. Finn Olav Myren kjem og snakkar om Fylkesfellingslaget.

Program for «fagdag» 24.2.18;

Kl 9	Lokallaget sin time
Kl 10	Opplæring Altinn i å endra styresamansetning v. Jo
Kl 10.30	Fylkesfellingslaget v. Finn Olav Myren
Kl 11	Pause, utsjekk
Kl 11.45	Ull v. Nils Paulen frå ullstasjonen i Førde
Kl 13	Lunsj

## **Sak 8/18. Resultat og balanse pr 31.12.17**

Styret gjekk gjennom resultat og balanse pr 31.12.17 og tek dette til etterretning. Styret vedtok å føra underskotet for 2017 mot annan eigekapital.

## **Sak 9/18. Budsjett 2018**

Styret sette opp forslag til budsjett for 2018.

## **Sak 10/18. Arbeidsplan 2018**

Det vart jobba med forslag til arbeidsplan for SFSG i 2018.

Styret var einige om at me tek att arbeidsplanen for SFSG 2018 på styremøte 23.2.18 og deler ut på årsmøte.

## **Sak 11/18. Årsmelding m.m. 2017 – status?**

Styret gjekk gjennom status for årsmeldinga/årsmøtehefte.

## **Sak 12/18. Innspel til jordbrukstingingane**

Gruppa som skulle jobba med forslag til uttale til jordbrukstingingane har hatt forslag til uttale på høyring blant lokallaga.

Det var kome inn 5 innspel.

Thomas og Jostein får i oppdrag å «sy dette i saman» ut får innspel som er kome inn og sender det ut til resten av styret for godkjenning før det vert sendt til NSG.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

## Sak 13/18. Ymse

### a) Tur til Færøyane

Pr 3.2.18 er det 12 påmelde, og me må vera minimum 15 for at det skal bli tur.  
Påmeldingsfristen vert utsett til 1.mars.

### b) Søknad om støtte til «Det store Kjeetegildet» på Sandane 1.mars

Styret har motteke søknad frå Torstein Kollevåg om økonomisk støtte til å arrangera «Det store Kjeetegildet» på Sandane 1.mars.

Søknaden har vore diskutert i styret og i Geitegruppa.

Følgjande svar er sendt til søkjar;

«Styret i Sogn og Fjordana Sau og Geit (SFSG) har vurdert tilskotssøknaden. Me har kome fram til at me ikkje kan stø dette arrangementet økonomisk. Styret meiner at SFSG må bruka innbetalt kontingent frå medlemmane på fellestiltak for medlemmane, arrangert av fylkeslaget eller lokallaga i fylket»

### c) Søknad tapsforbyggande tiltak

Søknadsfristen er sett til 10.2.18. Til no er det kome inn 3 søknadar.

Pengane skulle ikkje gå til drift. Tiltak som fekk støtta frå Fylkemannen i Sogn og Fjordane Landbruksavdelinga til «Tilskot til tiltak i beiteområde» skal ikkje støttast.

Styret i SFSG bør få ei oversikt over kva tiltak som får støtte frå Fylkesmannen før me tek avgjer i søknadane som er kome inn til SFSG.

### d) T-skjorter

Styret i SFSG bestemt at me skal få tak i NSG t-skjorter som me kan selja.  
SFSG får seg Vipps.

### e) Spørsmål frå gjetarhundlaga om dei kan søka om støtte frå SFSG til arrangement

Det var kome spørsmål frå Knut Alsaker om gjetarhundlaga kan søkjar støtte frå fylkeslaget (SFSG) til arrangement av td FM til dømes til å betala saueeigar for leige av sau.

Styret diskuterte problemstillinga og kom fram til at dette må leggest inn i deltakaravgifta.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599